



Statens vegvesen

ARNE HAUGSVÆR
ROSSLANDSVEGEN 1159
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/114340-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.11.2017

Dispensasjon frå byggjegrense – garasje til gnr. 5 bnr. 108 – Meland kommune

Vi viser til din søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs fv. 564 Rosslandsvegen for oppføring av garasje til eigedom gnr. 5 bnr. 108 i Meland kommune.

Garasjen er tenkt oppført på del av eigedom gnr. 5 bnr. 3. Søkjer skriv at han skal kjøpe arealet frå naboen, og overføre til eigedom gnr. 5 bnr. 108. Garasjen vert liggjande 8–10 meter over dagens vegnivå og med 21 meters avstand frå vegmidte.

Vår vurdering

Fv. 564 Rosslandsvegen har holdningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest*. Dette vil mellom anna seie at byggjegrensa normalt er 50 meter, og at vegen er ein viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon).

Statens vegvesen er i startfasen av arbeid med reguleringsplan for trafikksikring og utbetring av vegstrekningen frå Fløksand til Vikebø. I det arbeidet vert det vurdert ny vegtrase forbi området ved Leiro der den omsøkte eigedomen ligg. Etter dei førebels vurderingane som er gjort, vil ny vegtrase høgst sannsynleg liggje lenger nord, og den nye garasjen vil ikkje kome i konflikt med traseen. Statens vegvesen vurderer difor at vi kan gi dispensasjon frå byggjegrensa i denne saka.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 564 Rosslandsvegen for å oppføre garasje på eigedom gnr. 5 bnr. 3 i Meland kommune. Garasjen skal tilhøyra eigedom gnr. 5 bnr. 108. Sjå vilkår på neste side.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med innsendt skisse i søknad mottatt 21. juli 2017.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 564 skal vere minst 21 meter.
3. Det må framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesvegen.
6. Søkjar må avklare med Meland kommune at tiltaket er i tråd med overordna planføremål.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Retten til å klage

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak". Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Arne Gunleiv Haugsvær, ROSSLANDSVEGEN 1161, 5918 FREKHAUG
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)



Statens vegvesen
Region vest

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)

(2) Dato

(3) Mottakar (namn og adresse)

(4) Klageinstans

Klagenemnda i Hordaland fylkeskommune

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.

Klagerett

De har rett til å klage på vedtaket.

Kven kan De klage til?

Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).

Klagefrist

Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.

**Rett til å krevje
grunngeving**

Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.

Innhaldet i klaga

De må presisere

- kva for eit vedtak De klagar på
 - årsaka til at De klagar
 - den eller dei endringar De ønskjer
 - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga
- Klaga må underskrivast.

**Utsetjing av gjennom-
føringa av vedtaket**

Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.

**Rett til å sjå saksdoku-
menta og til å krevje
rettleiing**

Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.

Kostnadene med klagesaka

De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.

**Klage til
Sivilombodsmannen**

Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar